

Adresseliste

Vår dato: 09.12.2015

Vår ref.: 201000310-7

Arkiv: 401

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Lars Grøttå

Damsikkerheit - informasjonsskriv 2015

Bakgrunnen for informasjonsskrivet er at NVE ynskjer å fokusere på enkelte tidsaktuelle tema og informere om status i høve til regelverket som gjeld sikkerheita ved vassdragsanlegg. Dette skrivet omhandlar informasjon om tilsynsarbeid i 2015 og også noko om planar for 2016. Vidare er det fokus på status og oppfølging av anlegg som manglar gyldig vedtak om konsekvensklasse. Til slutt omtalar vi regelverksarbeid, klima og kartlegging av dammar som kan være sårbare for framtidige klimaendringar, og nokre tema under diverse.

Informasjonsskrivet rettar seg i første rekke mot personar med vassdragsteknisk ansvar, det vil seie leiar, vassdragsteknisk ansvarleg (VTA), tilsynspersonell hjå anleggseigar og til NVE-godkjende fagansvarlege. Leiar har ansvaret for at informasjonsskrivet blir kjent for alt personell som arbeider med sikkerheits- og tilsynsoppgåver ved vassdragsanlegga.

Status innrapportering 2015 og planar om oppfølging i 2016

I 2015 var det 439 dameigarar som var rapporteringspliktige etter damsikkerheitsforskrifta § 2-10. Av desse var 268 eigarar av vassdragsanlegg i konsekvensklasse 2 til 4.

Resultata frå innrapporteringa i 2015 viser at over 50% av leiarane ikkje har gjennomført det kompetansegivande kurset «Damsikkerhet III». Hovuddelen av desse er leiarar for eigarar i dei lågaste klassane. NVE vil følgja dette opp nærare og vil oppmode kursansvarleg til å prioritera plassar på kurset til leiarar framfor andre i kommande kurs.

Vidare manglar over 30 % av eigarane godkjent VTA for sine vassdragsanlegg, det gjeld hovudsakeleg eigarar med vassdragsanlegg i lågare klasse. Dette vil ein fylgja opp med kontakt mot den enkelte eigar med manglar og varsle reaksjonar om ikkje forholda vert retta.

Ca 20% av eigarane har meldt at dei manglar internkontrollsystem. Det gjeld og hovudsakeleg eigarar med vassdragsanlegg i lågare klasse.

Krav til beredskapsplanar gjeld berre eigarane av vassdragsanlegg i konsekvensklasse 2-4. Av desse har 18% rapportert at dei ikkje har beredskapsplan. Av dei som har beredskapsplan har 16%

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

meldt at dei ikkje har oppdatert planen sin dei siste 3 åra og over 55% av eigarane har sagt at dei ikkje har gjennomført øving av planen dei siste 3 åra. Når det gjeld resultata frå dambrotbølgeberekningane og tilhøyrande beredskapsplanar har 40% av eigarane enno ikkje vore i kontakt med redningsmyndigheitene om dette.

Det er rapportert at det i 2014 vart gjennomført hovudtilsyn for ca 14 % av dammane som har krav om dette. Dette er omtrent det talet som årleg må gjennomførast for at krava til intervall i forskrifta er ivaretekne. Om krava til innhald i eit hovudtilsyn er ivareteke ved desse tilsyna veit vi ikkje, men det vil vi ha fokus på frametter.

På fleire område viser innrapporteringa at det store manglar i forhold til krava i regelverket. Dette vil NVE gå nærmare inn i ved tilsyn i 2016. Der vil ein prioritera eigarar med anlegg i dei høgste konsekvensklassane. Det vil ein gjera ved revisjon, stikkprøvekontrollar og direkte kontakt mot kvar enkelt eigar, med pålegg og fristar for å retta manglar.

Det vil koma eit eige skriv med informasjon om innrapportering i 2016.

Konsekvensklasse - status og vidare oppfølging

Vi viser til tilsvarende informasjon i informasjonskrivet frå 2014. Vi minner nok ein gong om at damsikkerheitsforskrifta har krav som tilseier at alle vassdragsanlegg skulle ha gyldig vedtak om konsekvensklasse innan 31.12.2014.

Tabellane nedanfor er basert på data pr. 1.11.2015.

Tabell 1 viser talet på bygde i kvar konsekvensklasse. Tabellen viser vidare kor mange som har gyldig klassevedtak.

Klasse 7 betyr at konsekvensklassen ikkje er vurdert.

	Klasse 0	Klasse 1	Klasse 2	Klasse 3	Klasse 4	Klasse 7	Totalt antall
Totalt bygget	1017	1091	733	309	157	175	3482
Med vedtak	769 (76%)	534 (49%)	523 (71%)	280 (91%)	157 (100%)	0 (0%)	2263 (65%)

Tabell 1

Som vi ser av tabellen har 35 % av dammane enno ikkje gyldig vedtak om konsekvensklasse. Dette er likevel mykje betre tal enn for 2014, der eksempelvis 25 % av dammane i konsekvensklasse 3 mangla gyldig vedtak. Tabell 2 viser talet på vassvegar i kvar konsekvensklasse. Tabellen viser også kor mange vassvegar som har gyldig klassevedtak.

Klasse 7 utgjør den største gruppa. Desse anlegga er bygde og registrerte lenge før kravet om klassifisering av vassvegar vart innført.

	Klasse 0	Klasse 1	Klasse 2	Klasse 3	Klasse 4	Klasse 7	Totalt antall
Totalt bygget	354	201	166	25	11	598	1355
Med vedtak	335 (95%)	188 (94%)	158 (95%)	25 (100%)	11 (100%)	0 (0%)	717 (53%)

Tabell 2

Som vi ser av tabellen har 47 % av vassvegane, eit år etter fristen, ennå ikkje gyldig vedtak om konsekvensklasse.

Gyldig vedtak om konsekvensklasse på dammar og vassvegar er avgjerande for krava som skal stillast til anlegga og oppfylginga frå både eigaren og NVE.

Dette arbeidet må prioriterast av dameigarane. NVE vil i 2016 ha stort fokus på dette. Me vil ta nærmare kontakt med eigarane for oppfylging og eventuelt gi pålegg med fristar, dersom eigarar ikkje prioriterer å få klassifisert anlegga sine.

Status «veiledere» under arbeid

I 2016 vil vi arbeida vidare med «Veileder for overvåking og revurdering». Ei ekstern referansegruppe frå bransjen er involvert og «veilederen» vil etter planen bli sendt på høyring i løpet av 2016. Vidare vil ein starta arbeidet med «Veileder for betongdammar». Her vil ein og kontakta bransjen for å etablera ei referansegruppe.

Det er også aktuelt å gjera ein revisjon av «Veileder planlegging og bygging» i løpet av 2016.

Klima

Ei kartlegging NVE har gjort viser at 173 norske dammar i høgste konsekvensklasse kan være potensielt sårbare for større flaumar i eit framtidig klima. Dei enkelte eigarane av desse vil bli kontakta og NVE vil ha spesielt fokus på desse dammane ved gjennomgang av flaumberekningar, revurderingar og tekniske planar for ombygging

Her kan du lasta ned NVE-rapport 94-2015

http://publikasjoner.nve.no/rapport/2015/rapport2015_94.pdf

Diverse

Klassifisering: I utgangspunktet skal det leggest konservative vurderingar til grunn ved klassifisering av vassdraganlegg. Men i nokre tilfelle opplever NVE at eigarar og konsulentar legg ei for konservativ vurdering til grunn ved vurdering av konsekvensar når vatn kjem i kontakt med bustader. Vi minner om at kapittel 3.2.1 i «Veileder for klassifisering av vassdragsanlegg» (side 20) opnar for ei alternativ tilnærming ved vurdering av brotkonsekvensar, under visse føresetnader.

VTA: I samband med søknad om konsekvensklasse på dam eller vassveg ber vi om at det samtidig søkast om godkjenning av VTA. Dette gjeld der eigar har ein godkjent VTA. I slike tilfelle treng ein ikkje senda dokumentasjon av kvalifikasjonane til søkar.

Dersom vedtak om klasse medfører at dam eller vassveg havnar i ein høgare klasse enn det VTA er godkjent for, må det sendes inn ny søknad om godkjenning. Heller ikkje her treng dokumentasjon av kvalifikasjonane til søkar leggjast ved.

Kontroll med bygging: På grunn av forskrifta sitt krav om uavhengigheit kan ikkje VTA eller innleigd VTA vere ansvarleg kontrollør på eigne anlegg i konsekvensklasse 3 og 4 VTA kav vere stadleg kontrollør, men ansvarleg kontrollør må vere uavhengig av den ansvarlege. Det kan i enkelte tilfelle også søkast om dispensasjon etter § 8-2.

Samansette dammar: Dersom fleire damdelar er fysisk samanknytte skal dei klassifiserast som ein dam. Kapittel 2.6 i «Veileder for klassifisering av vassdragsanlegg» (side 16) opnar for at «Dersom det medfører urimelige krav for damdeler med mindre bruddkonsekvenser kan det søkes om dispensasjon etter § 8-2.»

Til slutt ynskjer me alle ei god jol og eit godt nyttår.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Lars Grøttå
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.settes automatisk inn ved ekspedering

